

Hjelmås Handelslag
Leknesvegen 389
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/368 - 14/18393

Saksbehandlar:
Øystein Sørhaug
Oystein.Sorhaug@lindas.kommune.no

Dato:
15.08.2014

Søknad om støtte til bedriftsetablering

Administrativt vedtak. Saknr: 004/14

Hjelmås Handelslag er knytta til KMD-programmet MERKUR. Dette er eit statleg butikkutviklingsprogram for distriktsbutikkar. Departementet ser behov for å rusta opp dei mest marginale daglegvarebutikkane for å sikre tenestetilbod i distrikta. Merkur gir økonomisk stønad til viktige investeringar knytt til daglegvarebutikk og drivstoff-anlegg. Total budsjetttramme for dette er 41,7mnok (2013). I tillegg vert Merkur-butikkane følgd opp ein av dedikert konsulent, som jobbar med å byggja kompetanse i butikkane og er viktige støttespelerar for kjøpmennene i arbeidet med å betre lønnsmda og få tilført tilleggsfunksjonar.

I Lindås kommune er det 5 butikkar som er tilknytta Merkur-programmet. Desse er: Feste Nærkjøp, Seim – Hjelmås Handelsag, Hjelmås – Hundvin Handel, Vågseidet – Kåre Andvik Eff., Eikangervåg – Myking Handel, Myking.

For å delta i Merkur-programmet må kvar butikk betale ei deltakaravgift på 3800kr. I tillegg medfører programmet reisetid, reisekostnadar, vikarleige og arbeid med omstilling i butikken – for Hjelmås Handelslag sin del er dette berekna til cirka 30.000kr.

Deltaking i Merkur programmet vil vere eit viktig bidrag for å trygge arbeidsplassar på heiltid i ein liten og utsatt butikk.

Lindås kommune er opptatt av å leggje til rette for god og framtidsretta samfunns- og næringsutvikling. Dei lokale butikkane i bygdene våre er viktig å ta vare på, butikkane utgjer ein sentral arbeidsplass og er eit avgjerande servicetilbud for å oppretthalde aktivitet i bygda. Butikkane er også ofte ei drivkraft i lokal samfunnsutvikling.

Lindås kommune syns det er flott at Hjelmås Handelslag vert med på eit program som legg til rette for kompetanseheving, og ser dette tiltaket som viktig for å vidareutvikle butikken og bygda. Lindås kommune sitt næringsfond har som føremål å styrka næringsliv og sysselsetting i kommunen, og eitt av satsingsområda er opplæring og kompetanseheving. I strategisk næringsplan for Lindås og Austrheim er også ein av strategiane «ein attraktiv bu- og opplevingsregion».



Vedtak

*Lindås kommune er positiv til søknaden frå Hjelmås Handelslag og vil gje følgjande støtte:
Lindås kommune dekker deltakaravgift til Merkur-programmet på 3800kr
Lindås kommune dekker andre kostnader på inntil 10.000kr
Lindås kommune ynskjer lykke til!*

*Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. Lov om offentleg forvaltning.
Klagefristen er 3 veker frå den dato du mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt
innan fristen går ut. Klagen skal senast skriftleg. I klagen skal det gå fram kva som vert
påklaga (vedtak) og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast*

Med helsing

Øystein Sørhaug
næringssjef

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Hjelmås Handelslag

Leknesvegen 389 5915

HJELMÅS